

«MottakerNavn»  
«Kontakt»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»

Vår ref  
2023/607-7

Dykkar ref  
«Ref»

Saksbehandler  
Øyvind Pedersen

Dato  
25.04.2024

## Offentleg ettersyn og høyring - Reguleringsplan for Stallhytta massetak

Lom formannskap gjorde 23. april 2024 i sak PS 2024/22 vedtak om å legge forslag til detaljreguleringsplan for Stallhytta massetak med planid. 34340007 ut til offentlig ettersyn og høyring.

Planområdet ligg i Leir- og Bøverdals statsallmenning inntil Veodalsvegen som er bomveg. Det har vore grustak innafor planområdet i ei årrekkje som har vore avklart i kommuneplanen, men uttaket er ikkje tidlegare regulert. Planarbeidet har bakgrunn i ønske om vidare drift og utviding av areal for masseuttak i tilknytning til vedlikehald av veganlegget Veodalsvegen. Planforslaget er utarbeidd av Felles plankontor for Lom og Skjåk kommunar.

I samsvar med kommunestyrets vedtak av kommuneplanens arealdel 15.12.2022, vart massetaket ved Stallhytta M1 vidareført som ein del av kommuneplanen. Kommuneplanen stiller krav om utarbeiding av reguleringsplan for M1, og det er nedfelt i planføresegnene at det seinast innan to år etter at revisjon av kommuneplanens arealdel er gjennomført, skal ligge føre forslag til detaljreguleringsplan for uttaksområdet for behandling i kommunen.

Forslaget til detaljreguleringsplan omfattar:

- Planomtale
- Reguleringsplankart
- Forslag til planføresegner
- ROS-analyse
- Masseberekning

Desse dokumenta ligg som vedlegg, saman med sakspapir frå behandling i Samfunnsutvalet og Formannskapet (planutval). Ein viser til desse dokumenta.

Høyringsdokumenta kan ein og finne på kommunen si heimeside [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no). Kart og dokumenter er også tilgjengeleg på kommunens si kartinnsynsløysing. Dokumenta ligg dessutan til gjennomsyn i papirversjon på kommunen sitt servicetorg og på biblioteket.

Høringsbrev med vedlegg blir sendt grunneigarar tiltaket kan få følgjer for (heimelshavarar, heimelshavarar til naboeigedom og veglag), til statlege/regionale/ kommunale instansar og andre med interesse i planarbeidet.

Frist for å kome med uttaler til planforslaget er sett til **13. juni 2024**. Uttalar sendast Lom kommune, Sognefjellsvegen 6, 2686 Lom, eller på e-post til: [postmottak@lom.kommune.no](mailto:postmottak@lom.kommune.no). Merk uttala med sak nr. 2023/607.

Spørsmål om reguleringsplanarbeidet, kan rettast til Felles plankontor for Lom og Skjåk kommunar v/Øyvind Pedersen, tlf. 47333678 eller på e-post: [oyvind.pedersen@lom.kommune.no](mailto:oyvind.pedersen@lom.kommune.no)

*Brevet er elektronisk og vert sendt utan signatur*

Med helsing

Øyvind Pedersen

Plan, byggesak og miljø

Vedlegg

- 1 RP Stallhytta Planomtale 20240408
- 2 Plankart RP Stallhytta\_20240226
- 3 ROS RP Stallhytta
- 4 RP Stallhytta massetak - Sak vedtak om offentlig ettersyn og høyring
- 5 Masseberekning RP Stallhytta
- 6 Planføresegner RP Stallhytta

<b>ADRESSELISTE</b>			
<b>Navn</b>	<b>Adresse</b>	<b>Postnr</b>	<b>Poststed</b>
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING	Ladebekken 50	7066	TRONDHEIM
INNLANDET FYLKESKOMMUNE	Postboks 4404 Bedriftssenteret	2325	HAMAR
GLITTERHEIM TURISTHYTTE V/KNUT VOLE	OTTADALSVEGEN 5744	2686	LOM
DNT OSLO OG OMEGN	POSTBOKS 7 SENTRUM	0101	OSLO
LOM FJELLSTYRE	Brubakken 2	2686	LOM
NATURVERNFORBUNDET I SEL OG OTTADALEN V/NELLY B. K. EINSTULEN	SKÅRVANGSVEGEN 399	2680	VÅGÅ
NVE REGION ØST	Postboks 4223	2307	HAMAR
STATSFORVALTEREN I INNLANDET	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV INNLANDET	Postboks 368	2602	LILLEHAMMER